



Mjelstad VVS AS  
Salhusvegen 55  
5131 NYBORG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6100 - 14/18495

Saksbehandlar:  
Kari Elisabeth Io  
KEI@lindas.kommune.no

Dato:  
18.08.2014

## Svar på rørleggjarmelding for tilkopling til kommunal vassleidning - gbnr 214/26 Fyllingsnes.

### Delegert sak.

Vi viser til rørleggjarmelding av 14.08.2014.

Type bygg : Eksisterande bustad.  
Type arbeid : Tilkopling til kommunal vassleidning.

### SØKNADEN ER GODKJENT PÅ FØLGJANDE VILKÅR:

**Vi gjer merksam på at slamavskiljaren dykkar (2 m3), bør skiftast ut til ny på 4 m3, som er dagens krav.**

### Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Dersom det må nyttast trykkauking/reduksjonsventil grunna for lågt eller høgt trykk, er det konsulent/ansvarleg søkjar/rørleggjar sitt ansvar å undersøka om det er naudsynt, og utførande rørleggjar/abonment sitt ansvar å sørgja for og kosta dette. Utforming av anlegg for trykkauke skal beskrivast/teiknast og godkjennast spesielt, før endeleg tilknytning vert utført, jfr. standard abonnementsvilkår.

Vi gjer merksam på at det er krav om 90 cm mellom topp hovedavløpsledning og lavaste sluk i hus.

For vassledning som går gjennom tomt må overdekning vera på min. 1,20 m på 63 mm.

Dersom det ikkje let seg gjera å få nok overdekning på vassledning, må det gjerast kompenserande tiltak.

Det skal sendast inn erklæring for godkjenning av eksisterande sanitæranlegg (skjema vedlagt).



Ferdigmelding skal sendast inn til kommunen når arbeidet er utført (skjema vedlagt).

Faktura for tilknytingsgebyr følgjer vedlagt til eigar, og vi gjer merksam på at arbeidet ikkje må igangsetjast før gebyr er betalt. Rørleggjarfirma pliktar å undersøkje dette før oppstart.

Med helsing

Kari Elisabeth Iø  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Magne Stusdal

Fyllingsnesvegen 5913  
137

EIKANGERVÅG

**Mottakarar:**

Mjelstad VVS AS

Salhusvegen 55 5131

NYBORG

